



Martin Træland
Trælandsvegen 232
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/667 - 15/6631

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
19.03.2015

Svar på søknad om avkjørsle gbnr 92/4 Træland

Teknisk drift syner til søknad datert 02.02.2015 vedkomande etablering av flytting av eksisterande driftsavkjørsle.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til flytting av eksisterande driftsavkjørsle på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligare informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no

Under møte på kontoret til Linda Folkestad vart det fremma ønskje om å setje opp gjerde langs kommunal veg. Vilkår for å få setje opp gjerde langs kommunevegen er følgjande:

- Dersom gjerde skal setjast opp langs kommunal veg må gjerde settast opp i god avstand frå kommunal vegkant (minimums krav til avstand er 1,0 meter).
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som vert påført gjerde under drift og vedlikehald av kommunal veg. Skader som oppstår på gjerde grunna dets plassering i forhold til kommunal veg, er kommunen uvedkommande.

Det er med heimel i Veglova § 29, §§ 40-43 og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler og andre tiltak langs kommunal veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova



med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar eller brukere av eksisterande driftsavgjørsle.

Vi gjer merksam på at løyve til avgjørsle gjeld berre tilknyting til kommunal veg. Bygging av avgjørsle treng eget løyve frå byggesak eller landbruksavdelinga. Kva avdeling som vil handsame søknad er avhenging av avgjørsle sin bruk. Søknad om løyve til å bygge avgjørsle må sendast inn til kommunen snarast.

Søknad vil verte handsama av, anten, landbruksavdelinga etter regler med heimel i lov 27.mai 2005 nr. 31 om skogbruk (skogbrukslova) eller lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) eller av byggesaksavdelinga etter plan og bygningslova.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Einingsleiar byggesak
Driftsansvarleg kommunal veg

Mottakarar:

Martin Træland

Trælandsvegen
232

5956

HUNDVIN